

Møteprotokoll

Vår dato: 07.11.2017

Aust-Telemark vassområde

Møte : Styringsguppemøte
Møtestad : Landbrukskontoret i Atra
Møtedato/-tid : 03.11.2017 kl 12:00 – 14:30

Møteleiar: Ragnar Gunleiksrud Referent: Liv R. Flå

STYRINGSGRUPPA:

Tilstades:

Ragnar Gunleiksrud (leiar) Tinn kommune
Ole Henning Skogen Notodden kommune

Forfall:

Børre Rønningen Vinje kommune
Håvard Bakka Telemark fylkeskommune (Tfk)

ARBEIDSGRUPPA:

Tilstades:

Ingrid Strand Telemark fylkeskommune (Tfk)
Bjørn Bjørnsen Tinn kommune
Dorthe Huitfeldt Vinje kommune
Arne Kjellsen Fylkesmannen i Telemark (FM)
Nicolai Østhus Øst-Telemarkens brukseierforening (ØTB)
Liv Rigmor Flå Vassområdekoordinator (VK)

Forfall:

Jørn Ingar Sanda Notodden kommune

Saksliste:

Nr.	Sak
02.01	Godkjenning av møteinkalling og saksliste Møteinkalling og saksliste godkjent.
02.02	Referatsaker/ orienteringssaker 1. Referat frå styringsgruppemøtet 05.05.2017 godkjent.

Oppfølging av saker etter møtet 05.05.17:

Sak 01.02: Orienteringssak 4: Førebelse planar om røyeoppdrett i Tinnsjå

Telemarksrøye AS i samarbeid med professor Espen Lydersen v/ Høgskulen i Bø vurdrer tilhøva for økonomisk og økologisk røyeoppdrett i Tinnsjå, Seljordsvatn og Nisser. Telemarksrøye AS har i dag oppdrett av røye i Fyresvatn. Vassområdekoordinator har kontakta Espen Lydersen om han vil informere om prosjektet på eit ope møte. Konklusjonen var at dette ikkje er aktuelt på noverande tidspunkt.

Sak 01.07 Eventuelt - Forslag om at vassområdet bør ta tak i plastforureining av innlandsvassdrag

På møtet 05.05.17 var det forslag om å invitere ein masterstudent ved Høgskulen i Bø som har oppgåve om plast i Norsjø. Masterstudenten leverte oppgåva i vår og er ikkje i området lenger, men vassområdekoordinator i Midtre Telemark vassområde, Anita C Kirkevold er forespurt og vil koma på eit styringsgruppemøte for å informere om opplegget for plastinnsamling i Midtre Telemark vassområde. Det vart bestemt at vi prøvar å få Anita til å informere om dette på neste møte i styringsgruppa.

2. Orientering om status for prosjektet «Turveg nedre Måna»

- Det har kome innspel frå ein grunneigar i området om å legge turvegen på nord/ nord-aust sida av Måna på strekninga mellom Nylandsbrua (Buflåt) og Gausta bru. Etter synfaringar er det vurdert at det er vanskeleg å legge vegen her, og at det i tilfelle vil kreve relativ høg oppbygging av vegen og store mengder masse. Dette er grunna både i staumtilhøva i elva og at det er liten avstand mellom elva og jernbanelina fleire stader på strekninga.
- For å unngå kryssing av Måna med bru oppstrøms skytebanen, har Hydro/ ØTB kome med forslag om å legge vegen forbi Gaustatippen, d.v.s. at turvegen vil gå på sør/sør-vestsida av Måna på heile strekninga mellom Nylandsbrua og Gausta bru. Dette vil kreve oppheving av reguleringsplanen for Gaustatippen.
- Det har kome positivt svar frå Rjukanbanen AS og Jernbanetilsynet om at turvegen kan bruke etablerte kryssingspunkt over jernbanelina ved gamle Miland bru, samt å flytte ein planovergang.
- To grunneigarar har kravd kompensasjon for å stille grunn til turvegen. Begge grunneigarane har interesser som krev avklaringar med Hydro (vassbrønnar til beitedyr, kjøp av Hydro-jordet på Mæl).

Innspel frå styringsgruppa:

Kommunen har ansvar for å tilrettelegge for turvegen. Det er inngått ein friviljug avtale mellom kommunen og Hydro/ØTB om turvegen, og det er viktig med framdrift i jobben for at avtalen fortsatt skal gjelde. Det må lagast ein framdriftsplan for arbeidet med turvegen. Styringsgruppa må få meir informasjon om arbeidet underveis.

3. Hovedplan for vann og avløp Tinn kommune – høyringsfråsegn frå vassområdet

Vassområdet gav i høyringsfråsegna m.a. utrykk for at planen vil vera eit godt verkty i arbeidet med å heve kvaliteten på dei kommunale VA-tenestene, og såleis medverke til å nå målet om godt vassmiljø. Vidare vart det uttrykt at det er positivt at regional plan for vassforvaltning er lagt til grunn for arbeidet med hovudplanen, og at detaljert saneringsplan for Rjukan er utarbeidd i tråd med forslaga til tiltak i Lokal tiltaksanalyse for Aust-Telemark vassområde.

Høyringsfråsegna vart utarbeidd av vassområdekoordinator og godkjent av leiar for styringsgruppa/representant frå Tinn kommune, R. Gunleiksrød. Tilbakemelding frå O.H. Skogen i møtet var at det er tilstrekkeleg at Tinn sin representant i gruppa godkjente høyringsfråsegna på ein plan som angår Tinn kommune.

4. Synfaring på Møsvatn 08.06.2017.

Referatet frå synfaringa er lagt ut på vannportalen

	<p>http://www.vannportalen.no/vannregioner/vestviken/vannomraader/aust-telemark/nytt/2017/aust-telemark-vassomrade-pa-synfaring-pa-mosvatn-08.06.2017/</p> <p><u>Kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Det var positivt at Møsstrond grunneigarlag hadde mykje av ansvaret for opplegg og informasjon på synfaringa. Synfaringa gav eit godt innblikk i korleis reguleringa fører til erosjon og utrasingar i standsona, og korleis ØTB sine plastringsstiltak har redusert skadane der dette er gjennomført. Vi vart også vist moloar/ bryggjer som ØTB har bygd for å gjera det lettare for båttrafikken på Møsvatn. Grunneigarar som fiskar mykje i Møsvatn fortalte om den store nedgangen i røyefisket. - Det er stor verdiskaping i form av kraftproduksjon i vassdraget. Distrikta bør få betre fram kor mykje denne verdiskapinga betyr for storsamfunnet. - På grunn av reguleringane, har vi ikkje lenger vårflaumar i vassdraget. Før reguleringane var det vårflaumar kvart 2.-3. år i Vestfjorddalen og Heddal. - Omsyn til flaumdemping skal vera eit moment i nye konsesjonar. Dette vart teke lite omsyn til ved fornying av Møsvasskonsesjonen i 2015. - Vinje, Tinn og Notodden saman med fylkeskommunen har laga eit skuleopplegg om vasskraft i verdensarvprosjektet - På landsbasis er ca 5 % av kraftselskapa i privat eige, resten er i offentlege. - Grunneigarar i Møsvatn har meldt om at røyefisket i haust er betre enn på fleire år (bestanden er større og røya har betre tilvekst).
02.03	<p>Høyring av forslag til endringar i vassforskrifta</p> <p>Klima og miljødepartementet (KLD) har sendt forslag til endringar i vassforskrifta på høyring. Høyringsfristen er 15. januar 2018. I forslaget er det store endringar i organisering av vassforvaltningsarbeidet/ status for vassforvaltningsplanane. M.a. vil ikkje vassforskrifta lenger vera heimla i plan og bygningslova, og Fylkesmennene skal etter forslaget overta som vassregionmyndighet etter fylkeskommunane.</p> <p>I.Strande informerte om forslag til endringar i vassforskrifta, kva konsekvensar endringane kan få for lokal forankring og medverknad, for organisering av arbeidet og gjennomføringa av planen m.m.</p> <p><u>Kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Endringa vil føre til at kommunane ikkje lenger vil vera ein aktør som kan vera med å setje premissar for innhaldet i planen, med vil bli redusert til ein høyringsinstans. - Intensjonen med endringane er ikkje å nedprioritere arbeidet etter vassforskrifta, men at staten vil styre meir av arbeidet. - Politisk påverknad på arbeidet skal fjernast, og sakshandsaminga skal forenklast ved at vedtaka skal fattast i departementet. - Bakgrunnen for endringsforslaget er meir sentralisering. - Det er oppnådd større kontakt og meir tværfagleg samarbeid mellom kommune, fylkeskommune og ulike sektorar ved dagens organisering. Dette har ført til større gjennomføringskraft for gode tiltak i vassdraga. - Kommunane vil få større ansvar for å få lokal kunnskap inn i planane. Dette vil bli meir krevjande, og utfallet handlar mykje om økonomi/ressursar i den enkelte kommune. <p><u>Forslag til vedtak i saksutgreiinga (tilsendt i møteinngallinga):</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - For å oppretthalde demokratiske prosessar som sikrar medverknad og lokal forankring, og ei god samordning mellom statlege, regionale og kommunale etatar på tvers av sektorielle og

	<p>geografiske grenser, meiner Aust-Telemark vassområde at vassforvaltningsplanane fortsatt må vedtakast som regionale planar etter plan- og bygningslova. Dette vil sikre gode og heilskaplege avvegingar og prioriteringar i arbeidet for å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand i vassforekomstane, samt ivareta andre samfunnsinteresser knytta til vatn.</p> <ul style="list-style-type: none"> - For å ta vare på kunnskap og kompetanse som er bygd opp lokalt og regionalt i vassforvaltningsarbeidet, og framleis skape god lokal/ regional forankring og medverknad, må det vidare arbeidet tuftast på dagens organisering med fylkeskommunale vassregionar og lokale vassområde. <p><u>Arbeidsgruppa si innstilling til vedtak styringsgruppa:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - For å oppretthalde demokratiske prosessar som sikrar medverknad og lokal forankring, og ei god samordning mellom statlege, regionale og kommunale etatar på tvers av sektorielle og geografiske grenser, tilrår Aust-Telemark vassområde at vassforvaltningsplanane fortsatt må vedtakast som regionale planar etter plan- og bygningslova. Dette vil sikre gode og heilskaplege avvegingar og prioriteringar i arbeidet. - Erfaringar viser at heilskap og samanheng best blir ivaretake med dagens organisering. <p><u>Vedtak i styringsgruppa (2 representantar var tilstades):</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - For å oppretthalde demokratiske prosessar som sikrar medverknad og lokal forankring, og ei god samordning mellom statlege, regionale og kommunale etatar på tvers av sektorielle og geografiske grenser, tilrår Aust-Telemark vassområde at vassforvaltningsplanane fortsatt må vedtakast som regionale planar etter plan- og bygningslova. Dette vil sikre gode og heilskaplege avvegingar og prioriteringar i arbeidet. - For å ta vare på kunnskap og kompetanse som er bygd opp lokalt og regionalt i vassforvaltningsarbeidet, og framleis skape god lokal/ regional forankring og medverknad, må det vidare arbeidet tuftast på dagens organisering med fylkeskommunale vassregionar og lokale vassområde. <p><i>Representantane som ikkje var tilstades på møtet vart førespurt pr. e-post 03.11.17 om dei ville stemme for at vedtaket gjort i styringsgruppemøtet skal stå som høyingsfråsegn frå vassområdet, og gå som tilråding til kommunane når dei handsamar høyringssaka. Positivt svar frå begge representantar, d.v.s. at vedtaket var samråystes i styringsgruppa.</i></p>
02.04	<p>Eventuelt</p> <p>Ingen saker</p>

Atrå, 07.11.2017

Ragnar Gunleiksrud (sign.)
leiar

